

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. **xx**

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmålnr. 6 ~~Folkelege musikkinstrument~~  
~~STRUMENT~~ Herad: Haram.

Emne: Folkelege Musikkinstrument Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Etter eiga røynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Eg torer syna til d<sup>e</sup>t eg skreiv um musikkinstrument  
(emne nr. 6) den 8. desbr. 1947. Eg hev lite aa svara på  
dette tilleggspursmaalet med. Sp. 1 og 2 fell burt, daa  
desse instrument er ukjende. Namni under sp. 2 hev eg ik-  
kje høyrt eller set fyrr.

3. Under dette sp. veit eg berre av kraakesmellor som var  
brukt til aa skräma kraakor og andre fuglar, og so hest-  
ar som braut seg yver utgjerdsbardane. Elles var og brukt  
smaastein i eit blikkspann til aa rangla med til aa skrä-  
ma/  
saud og andre dyr. Også fuglar.

4. Aa smella med blad. Ein sette daa vinstre tummeltott  
mot vinstre sleikepott. Yver det rundvorne holet som da  
vart laga, la ein eit blad som bula litt ned i holgropi.  
Med høgre handi slo ein so ned yver bladet, med di ein ~~maata~~  
maata loven so til at han vart mest som ei halkula. Kom  
loven so tilmaata med fart ned yver bladet, kunde smellen  
verta bra sterk.- Aa smella ein pose fullblaasen med luft,  
er ein vanleg smaaagutleik.- Blomekruna av blaaklokka  
(Campanula rotundifolia) la ein i ei trongare grop mil-  
lom tummeltott og sleikepott og bar seg aat som fyrr nemnt.

Alt det andre nemnde er ukjent. Likevel var det fyrr  
jamnt brukt "skjcta inn jolå" eller "skjcta for bruri"

naar ho kom fraa kyrkja. No er alt dette slutt.- Det er mykje truleg at dei i gamal tid trudde alle vonde vette var redd krut og smellar, stillvorne som dei luska i-kring. Eg hev ikkje fakta aa halda meg til her, so eg torer ikkje segja meir um dette.

5. Det som her er spurt um, er ukjent. (Eg kann kanskje nemna, um det hev interessa i denne samanheng, at det var brukt aa klora upp etter mastri og plystra ulydar, dersom vinden før spak til høveleg sigling. Paa denne maaten skulde dei terga vinden, so han vart friskare og gav betre bør).

Karl Rogne.